



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Vivian Rognsvåg og Solrunn Gullaksen.

Kommunal representant: Elin Øien Solbakk.

Frå kyrkjekontoret: *Leif Arne Økland – kyrkjeverje.*

Saksoversikt: F 20/22 – 22/22

F 20/22	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 27.09.2022
Vedlegg	Møteboka frå 27.09.2022 Innkallinga til møtet 16.11.2022
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 21/22	ORIENTERING <ul style="list-style-type: none">Oppsetjing av gelender på kyrkjetrappaOppstart på arbeidet med verneplanKontorsituasjonen <p><i>Vart orientert om dialogen med kommunedirektøren. Ombygging av Hjartebanken er avhengig av kommunal tilslutning.</i></p>
---------	---

F 22/22	BUDSJETT 2023 MED JUSTERT ØKONOMIPLAN
Vedlegg: Budsjett 2023 -	<u>Bakgrunn:</u> Kommunedirektøren sitt framlegg til kommunalt tilskot til soknet er for 2023 kr. 1.125.000,-. Tilskotet er identisk med tilskotet for 2022. Dette betyr ingen justering for pris og lønsvekst, og er i praksis eit nedtrekk. 2023 vil bli eit krevjande år reint budsjettmessig og det skal godt gjerast



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

å unngå ein situasjon utan bruk av fond, for å få reknekskapen i balanse.

Det ligg heller ikkje føre midlar til investering 2023. Kommunen investerer no tungt i utviding av gravplassen i Bøgardsvika og dette er både prosessar og kostnader kommunen gjer uavhengig av soknet. Soknet bør til neste år arbeida aktivt med å få på plass ny godkjenning og nye teikningar for universell tilgjenge til kyrkja. Det er dialog med kommunedirektøren om dette. Ny inngangsløysing (på veggen som vender ned mot ferjekaien), er enklare og rimelegare enn den tidlegare godkjente planen som går heilt rundt og fluktar med den eksisterande trappa.

Kommunedirektøren ønskjer ei ombygging av lokalitetane i Hjartebaken, for å få plass til heile kommuneadministrasjonen. Det kjem til å bli ein drakamp om kyrkjekontoret vil få eit fysisk kontor her etter ei slik ombygging. Ombygginga er avhengig av kommunestyret si tilslutning.

I dialogen med kommunedirektøren er vi presentert for ein utfordrande økonomisk situasjon som kommunen befinn seg i. Hennar forslag til kommunalt tilskot avspeglar dette. Slik sett er det ikkje så overraskande at soknet får pålegg om innsparingar. Så lenge vi ikkje er åleine om å bli utsett for dette, så må vi forhalda oss til dette etter beste evne. Soknet har dei siste åra forhalde seg etter nøkterne rammer, så vi har uansett ikkje det store spelerommet.

Om soknerådet godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til kommunalt tilskot vil kyrkjeverja utarbeida eit detaljert budsjettframlegg, som vert lagt fram for soknerådet til endeleg godkjenning på eit seinare tidspunkt.

Framlegg til vedtak:

Fedje sokneråd tek komunedirektøren sitt framlegg til kommunalt tilskot (kr. 1.125.000,-) til soknet for 2023 til vitande. Soknerådet peikar likevel på at dette er eit identisk kronebeløp som tilskotet for 2022 og såleis ikkje justert for løns og prisvekst.

Fedje sokneråd er bekymra for at tilsvarande tilskotsnivå i framtida ikkje vil vera bærekraftig.

Fedje sokneråd ønskjer at arbeidet med universell tilgjenge til kyrkja kjem opp på kartet igjen, slik at arbeidet med dette kan gjerast ferdig i 2024 og at komande år vert brukt til nye teikningar, kostnadsoverslag og godkjenningar. Soknerådet ber om at det vert sett av investeringsmidlar til dette prosjektet i 2024.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Vedtak:	<p><i>Fedje sokneråd tek kommunedirektøren sitt framlegg til kommunalt tilskot (kr. 1.125.000,-) til soknet for 2023 til vitande. Soknerådet peikar likevel på at dette er eit identisk kronebeløp som tilskotet for 2022 og såleis ikkje justert for løns og prisvekst.</i></p> <p><i>Fedje sokneråd er bekymra for at tilsvarande tilskotsnivå i framtida ikkje vil vera bærekraftig.</i></p> <p><i>Fedje sokneråd ønskjer at arbeidet med universell tilgjenge til kyrkja kjem opp på kartet igjen, slik at arbeidet med dette kan gjerast ferdig i 2024 og at komande år vert brukt til nye teikningar, kostnadsoverslag og godkjenningar. Soknerådet ber om at det vert sett av investeringsmidlar til dette prosjektet i 2024.</i></p>
---------	--

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Vivian Rognsvåg og Solrunn Gullaksen.

Frå kyrkjekontoret: *Leif Arne Økland – kyrkjeverje.*

Saksoversikt: S 15/22 – S 17/22

S 15/22	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 27.09.2022
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 27.09.2022 Innkallinga til møtet 16.11.2022
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 16/22	ORIENTERINGAR <ul style="list-style-type: none">• Nominasjonsnemd for nytt sokneråd. <i>(Skal oppnemnast på neste møte. Her vart det diskutert aktuelle namn).</i>• Presteskiftet. <i>(Rune orienterte om framdriftsplanen for dette)</i>• Avskilsgåve til biskop Halvor: Gåve frå soknerådet til vennskapskyrkja på Cuba. Soknerådet beslutta å gje kr. 1.000,- til dette arbeidet frå Fedje Sokn.
---------	---

S 17/22	DRØFTINGSSAK OM TRUSOPPLÆRINGA OG TILTAK FOR BARN OG UNGE <p>Saka vert lagt fram som ei drøftingssak. Ishbel Salte møter soknerådet. Saka vert med dette sett opp på nytt, sidan ho vart sjuk rett i forkant av sist møte. Ho skal først og fremst konsentrera seg om trusopplæringstiltak for barn og unge utanom konfirmasjonsalder.</p> <p>30. november i fjar, vedtok soknerådet ein revidert trusopplæringsplan i S-sak 27/21. Tiltaket som er innarbeidd og som fungerer bra er konfirmanttida. Fedje og Austrheim sokn har som kjent eit felles konfirmantopplegg. Vi har tidlegare leigd inn medarbeidarar til å driva ulike tiltak. Til dømes leigde vi inn Jostein Husa til å gjennomføra eit alphaopplegg for unge. Koronarestriksjonar har lagt ein dempar på gjennomføringa av fleire av tiltaka.</p> <p>Følgjande tiltak var lista opp i den reviderte lokale trusopplæringsplanen:</p> <ul style="list-style-type: none">• Dåpssamtalen. Ansvar: sokneprest• Utdeling av 4 års bok. Ansvar: trusopplærar• Tårnagent. Ansvar: trusopplærar• Utdeling av bibel. Ansvar: trusopplærar• Lys Vaken. Ansvar: trusopplærar• Bibelgruppe. Ansvar: trusopplærar• Konfirmasjonstida. Ansvar: konfirmantlærar• Leiartrening. Ansvar: uavklart <p>Denne planen er dynamisk og bør vera gjenstand for fortløpende evaluering og endringar. Når vi no har tilsett ein trusopplærar, er det</p>
---------	---



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>viktig å drøfta med henne kva for tiltak som ho kan tenkja seg å driva med og kjenner seg mest komfortabel med.</p> <p>Av tiltak som ho allereie er «booka» inn på i haust, er å vera «reiseleiar» for barn og unge som vert med på koropplegget til Bjarte Leithaug på Austrheim 17. september. Vi har også eit ønskje om at ho gjer noko ut av bibelutdelinga seinare i haust, kanskje eit minikurs om bruk av bibelen. Vi har också foreslått at ho vert med på Jostein Hauge si adventsforteljing om dei tre vise menn, som har blitt framført i barnehagane i Austrheim og no sist advent; også på Fedje.</p> <p>Det bør vera rom for fleire tiltak. Samtalen med trusopplærar bør leggja opp til det.</p> <p>På AU møtet kom det også opp eit ønskje om å få etablert eit barnekor. Her bør ein etablira ei ordning med friviljuge som eventuelt kan ta på seg ei slik oppgåve. På AU-møtet vart det nemnt eit konkret namn. Om dette let seg realisera kan dette presenterast i møtet.</p>
Vedtak:	<p>Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.</p> <p><i>Følgjande kom fram på møtet:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><i>Ishbel foreslår å laga eit bibelopplegg for 5 .klassingane ved å leggja det til same tid og som ein del av Between-opplegget på bedehuset. Dermed når ho den aktuelle målgruppa, utan å trekka dei ut av eit populært tiltak men kan gje dei dette tiltaket som ein del av Between.</i><i>Det vert lagt opp tilbod om Tårnagent i februar 2023.</i><i>Ishbel vert med på felles konfirmantdag for Nordhordland, i Knarvik den 15. april 2023.</i>